



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Barn og unge sitt kommunestyre

Møtedato: 19.05.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 09.30 - 11.30

Møtedeltakarar	Parti
Akram Albakkar	
Amelia Hauge Dahl	
Andreas Asprusten	
Aslak Mjøhus	
Emma Sie	
Erlen Michel Ascheberg	
Francis Daniel Boado Caparas	
Gunnar Dalane	
Ingeborg Helgøy	
Izabele Krasikovaite	
Joanna Komar	
Jonas Øvrehus Førre	
Karsten Bergøy Mæland	
Kateryna Kolotii	
Mari Landro Asprusten	
Marita Skjærahaug Natland	
Maya Hjorteland Verpe	
Storm Sellevoll	
Thale Vestersjø-Gjerde	

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Rayan Bendoukha	

Sakliste

Saksnummer **Sakstittel**
001/26 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

002/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
003/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
004/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
005/26	Fordeling av barn og unge sitt kommunestyre sine midler
006/26	Orienteringssak om den nye symjehallen

001/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

19.05.2026 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

BUK - 001/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

002/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

19.05.2026 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

BUK - 002/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

003/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.


19.05.2026 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Hjelmeland barneskule stiller spørsmål ved at idrettslaget har bestemt at det skal bli 3 3-er baner på grusbanen. Dei synes at det høyrtes litt rart ut at idrettslaget skulle bestemme over den banen når det er barneskulen som bruker den. Dei synes ikkje dette høyrtes kjekt ut.

Hjelmeland barneskule føreslår at ein heller kan byggje to til tre femmer bingar og dele dei i to hvis idrettslaget treng treerbanar. Då kan dei heller ha mål til treerbanar i vegg. Det vil dei fordi då vert det større baner og då kan meir folk spela på likt slik at fleire blir inkludert.

Forslaget om baneinndeling er illustrert under:



BUK - 003/26 Vedtak:

Saka frå Hjelmeland barneskule om forslag til ny baneinndeling på grusbanen vert teken til orientering.

004/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

19.05.2026 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Kommunalsjef oppvekst orienterer om den nye ungdomsskulen. Den skal vere ferdig i oktober. Målet er at den skal vere klar til å tas i bruk etter haustferien 2026.

BUK - 004/26 **Vedtak:**

Saka vert teken til orientering.

005/26: Fordeling av barn og unge sitt kommunestyre sine midler

Forslag til vedtak

Barn og unge sitt kommunestyre foredelar kr. 65 000 slik:

19.05.2026 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Representantane fekk komme med innspel skulevis kva dei ønska å bruke pengane på.

Hjelmeland ungdomsskule:

Ønsker at pengene skal bli fordelt etter storleik på skulane. Pengane bør gå til handlingsplan mot rasisme, diskriminering og fordommer som i fjor. Pengane bør ikkje gå til vedlikehald.

Hjelmeland barneskule:

- Oppgradere uteområdet kring skulen
- Ønsker oss nye reiler, ønsker fire stykker. Kjekt om ein av dei kunne vært tilpassa barn med funksjonsvariasjon
- Ønsker at Tarzanjungelen skal ferdigstillast
- Utstyr til leikeplass på Sande
- Meir offentlege søppeldunker rundt omkring i Hjelmeland sentrum

Jøsenfjorden:

Ønsker å få tak i eit bordtennisbord som skal stå utanfor Fjordahuset. Sjølv om det ikkje lenger er barnehage der er det framleis barn som leiker utanfor. Ber om 20 000 til bordtennisbord: 18 000 kr til sjølve bordet og 2000 kr til køller og baller

Årdal skule:

- Oppgradering av basketballbane. Den eine korga er relativt ny, men ikkje den andre. Dei står heller ikkje tvers overfor kvarandre. Ønske om å oppgradere den eine korga, sette dei to korgene tvers overfor kvarandre og samstundes teikne opp merker for ei skikkeleg basketball bane.
- Ønske om pengar til sosiale trivselstiltak. til dømes: Frukost på skulen ein gong i månaden, vaffeldag, turdag, fleire aktivitetsdager eller temaveker.

Ønske om pengar til å oppgradere biblioteket: Fleire bøker, sofakrok og innventar til biblioteket

Fister skule:

- Betre skulefrukt. Me ønsker oss lokalfrukt frå norske bønder slik at det blir betre kvalitet på frukta og fleire variantar. Går det an å lage kkontrakt med lokale leverandører istadenfor BAMA?
- Me ønsker oss pengar til nye benker til uteområdet.
- Ønske om pengar til beskyttelsesmateriale på deler av løypa rundt zipline så dei som bruker den ikkje skader seg når dei kjem susande

Det vert vald ved handsopprekning mellom fordelingsforslag 1 og fordelingsforslag 2:

Forslag 1

Skule	Ca. beløp
Fister barneskule	16 000
Årdal skule	15 000
Hjelmeland skule (både barne- og ungdomsskule)	16 000
Jøsenfjorden	18 000
Totalsum	65.000

Forslag 2

Skule	Ca. beløp
Fister barneskule	16 000
Årdal skule	15 000
Hjelmeland skule (både barne- og ungdomsskule)	24 000
Jøsenfjorden	10 000
Totalsum	65.000

Røysting:

Forslag 2 vart vedteken med 13 mot 4 røyster til forslag 1.

BUK - 005/26 **Vedtak:**

Barn og unge sitt kommunestyre foredeler kr. 65 000 slik:

Forslag 2 vart vedteken med 13 røyster, mot 4 røyster til forslag 1.

Forslag 2:

Skule	Ca. beløp
Fister barneskule	16 000
Årdal skule	15 000
Hjelmeland skule (både barne- og ungdomsskule)	24 000
Jøsenfjorden	10 000
Totalsum	65.000

006/26: Orienteringssak om den nye symjehallen

Forslag til vedtak

Representantane kjem med desse innspela til bruk av den nye symjehallen:

19.05.2026 Barn og unge sitt kommunestyre

Behandling:

Representantane fekk Informasjon frå den nyttilsette bademeisteren om det nye symjebassenget og symjedyktighetstest dersom ein skal vere i symjehallen utan følgje av vaksne. Per no er det tenkt at ein må vise symjedyktighetstest frå 4. klasse og oppover for å få vere i bassenget utan følgje av vaksne.

Dei fekk fire spørsmål bademeisteren ønskte innspel på:

Spørsmål 1: Kor ofte ønsker dykk symjeundervisning i skuletida?

Spørsmål 2: Korleis ønsker dykk at symjehallen skal bli brukt på fritida?

Spørsmål 3: Kva skal til for at symjehallen blir ein stad ungdom har lyst til å vere?

Spørsmål 4: Kva meiner dykk er ein passende alder for å kunne bruke symjehallen utan foreldre?

Spørsmål 1:

Representantane ønsker bading minst tre timer i veka. Dei har no gått lenge utan å kunne bade i skuletida og ønsker å få trent mykje på dette.

Fister skule ønsker å disponere ein halv dag kvar veke til dømes halv dag kvar veke mellom haustferien og påsken. Kommunalsjef kjem med innspel om at barnehagene og ønsker tid i bassenget og at det er kompetansemåla som til syvende og sist styrer kor mykje tid dei får i bassenget.

Er det badevakt når det er svømmeundervisning, spør representantane?

Bademeisteren seier at ho ønsker å ha ein eigen badevakt som kan brukes hvis skulen ønsker det i tillegg til symjelærer.

Spørsmål 2:

Bør vere ope nokon dager etter skulen eller 2 dager i veka og ope i helga. Må fordele tida mellom småtrinnet, mellomtrinnet og ungdomsskulen og at barnehagen bør vere med dei på småtrinnet. Ein representant føreslår medlemskort som ein betaler på ein gong i mnd. Gjester må ha enkeltkort.

Spørsmål 3:

Hjelmeland ungdomsskule ønsker leiker til bassenget. Matter eller volleyballnett. Flytande mål. Ting du kan sleppe ned på bunnen.

Forslag om hinderløype på vatn. Denne er ikkje noko som skal prioriterast, men om me bestemmer oss for å spare til til dømes ei hinderløype kan me kanskje klare å samle inn nok penger. Den koster opp mot 160 000 kr. Det kan både trekke folk, men det kan og sperre for andre aktiviteter i vann. Dette må drøftas nærare om det er eit alternativ på sikt.

Spørsmål 4:

Representantane meiner ein må vere 10 år eller at du viser du er symjedyktig. Det føreslår ei nettside der ein kan stemme kring aldersgrensen.

Hjelmeland ungdomsskule meiner aldersgrensa skal liggje på 7. klasse og oppover utan foreldre. Dei som er under 13 får lov til å vere i den delen som kan senkes og hevas. Dei som er over 13 får vere i begge deler.

BUK - 006/26 Vedtak:

Representantane kjem med desse innspela til bruk av den nye symjehallen:

Spørsmål 1: Kor ofte ønsker dykk symjeundervisning i skuletida?

Spørsmål 2: Korleis ønsker dykk at symjehallen skal bli brukt på fritida?

Spørsmål 3: Kva skal til for at symjehallen blir ein stad ungdom har lyst til å vere?

Spørsmål 4: Kva meiner dykk er ein passende alder for å kunne bruke symjehallen utan foreldre?

Spørsmål 1:

Representantane ønsker bading minst tre timer i veka. Dei har no gått lenge utan å kunne bade i skuletida og ønsker å få trent mykje på dette.

Fister skule ønsker å disponere ein halv dag kvar veke til dømes halv dag kvar veke mellom haustferien og påsken. Kommunalsjef kjem med innspel om at barnehagene og ønsker tid i bassenget og at det er kompetansemåla som til syvende og sist styrer kor mykje tid dei får i bassenget.

Er det badevakt når det er svømmeundervisning, spør representantane?

Bademeisteren seier at ho ønsker å ha ein eigen badevakt som kan brukes hvis skulen ønsker det i tillegg til symjelærer.

Spørsmål 2:

Bør vere ope nokon dager etter skulen eller 2 dager i veka og ope i helga. Må fordele tida mellom småtrinnet, mellomtrinnet og ungdomsskulen og at barnehagen bør vere med dei på småtrinnet. Ein representant føreslår medlemskort som ein betaler på ein gong i mnd. Gjester må ha enkeltkort.

Spørsmål 3:

Hjelmeland ungdomsskule ønsker leiker til bassenget. Matter eller volleyballnett. Flytande mål. Ting du kan sleppe ned på bunnen.

Forslag om hinderløype på vatn. Denne er ikkje noko som skal prioriterast, men om me bestemmer oss for å spare til til dømes ei hinderløype kan me kanskje klare å samle inn nok penger. Den koster opp mot 160 000 kr. Det kan både trekke folk, men det kan og sperre for andre aktiviteter i vann. Dette må drøftas nærare om det er eit alternativ på sikt.

Spørsmål 4:

Representantane meiner ein må vere 10 år eller at du viser du er symjedyktig. Det føreslår ei nettside der ein kan stemme kring aldersgrensen.

Hjelmeland ungdomsskule meiner aldersgrensa skal liggje på 7. klasse og oppover utan foreldre. Dei som er under 13 får lov til å vere i den delen som kan senkes og hevas. Dei som er over 13 får vere i begge deler.